

Utval: Fylkesutvalet
Møtestad: , Fylkeshuset

Dato: 30.01.2014

Tidspunkt: 11:00 – 14.45

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Sveinung Valle	Medlem	A
Astrid F. Selsvold	Medlem	A
Nils-Olav Nøss	Medlem	A
Marte Malones	Medlem	A
Terje Søviknes	Medlem	FRP
Sigbjørn Framnes	Medlem	FRP
Tom-Christer Nilsen	Leiar	H
Mona Røsvik Strømme	Medlem	H
Inge Reidar Kallevåg	Medlem	H
Torill Selsvold Nyborg	Medlem	KRF
Benthe Bondhus	Medlem	FL SP/MDG
Aud Karin Oen	Medlem	FL SV/R
Mona Haugland Hellesnes	Nestleiar	V

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Silje Hjemdal	MEDL	FRP
Birthe Eriksen	MEDL	H

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Inger Signe Ulvund	Silje Hjemdal	FRP
Stein Inge Ryssdal	Birthe Eriksen	H

Merknader
Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Haugsdal	Fylkesrådmann
Johnny Stiansen	Fylkesdirektør økonomi
Bård Sandal	Fylkesdirektør regional utvikling
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør samferdsel
Anna Elisa Tryti	Fylkesdirektør kultur og idrett

Arne Åsan	Fylkestannlege
Svein Heggheim	Fylkesdirektør opplæring
Ingrid Kristine Holm Svendsen	Fylkesdirektør organisasjon
Stanley Hauge	Informasjonssjef Stanley Hauge
Gro Stien Thorvaldsen	Seniorrådgjevar som sekretær

Sakliste

Utvale-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 1/14	Godkjenning møteinkalling		
PS 2/14	Godkjenning møtebok forrige møte		
PS 3/14	Referatsaker (Meldingar)		
RS 1/14	Fråsegn frå samferdselsutvalet i Hordaland fylkeskommune om midlar til rassikring	2014/680	
RS 2/14	Byrådet i Bergen sin førespurnad om å overta drifta av dei vidaregåande skulane i Bergen	2014/999	
RS 3/14	Assembly of European regions (AER)	2014/9980	
RS 4/14	Sikring av Askøybrua	2014/392	
RS 5/14	Innfartsparkering og busstilbod Ågotnes	2014/472	
RS 6/14	Tilbodsstruktur for Fagskolane i Hordaland 2014/15	2014/2	
RS 7/14	Kopi - Aksdal - Bergen - E 39 - Rammer for videre planlegging	2014/10121	
RS 8/14	Grunnlovsjubileet 2014	2014/325	
RS 9/14	E-lån Hordaland	2014/687	
RS 10/14	Oversikt over større saker til politisk behandling våren 2014 - pr januar	2014/1527	
RS 11/14	Status for spørsmål/oversendingsforslag i fylkesutvalet pr januar 2014	2014/356	
RS 12/14	Bybanen utbygging - framdrift byggetrinn 3	2014/10330	
RS 13/14	Søknad frå Bergen kommune om mynde med heimel i kulturminneloven. Administrasjonen si vurdering av saka	2014/10231	
PS 4/14	Delegerete saker		
DS 1/14	Valen og Handeland gard i Kvinnherad. Godkjenning av kjøpekontrakt. Signatur på kjøpar sin søknad om konsesjon.	2014/699	
PS 5/14	Evaluering av drosjeverksemda i Bergen køyreområde 2013	2014/427	
PS 6/14	Søknad frå Christiania Taxi om etablering av ny	2014/320	

	taxisentral i Bergen køyreområde	
PS 7/14	Kollektivstrategi for Hordaland - Høyringsutkast	2014/278
PS 8/14	Uttale til "Forslag til minimum indikatorsett som grunnlag for oppfølging av helhetlige bymiljøavtaler"	2014/54
PS 9/14	Søknad om driftsstøtte til Nordhordlandspakken AS	2014/166
PS 10/14	Høyringsuttale til forslag om endringar i skiftforskrifta m.v.	2014/187
PS 11/14	Bruk av justeringsmodellen innanfor meirverdiavgiftsområdet	2014/417
PS 12/14	Prioriteringar for kulturminneforvaltinga 2014	2014/651
PS 13/14	Høring av forslag om forskrift om fredning av kulturhistoriske eiendommer - kapittel 10 eiendommer i justissektorens landsverneplan	2014/495
PS 14/14	Prosjekt - Kulturminnekompesanse i kommunane og kulturminneplanar	2014/673
PS 15/14	SØKNAD OM BYGGJING AV TESGJOLO SMÅKRAFTVERK I VOSS KOMMUNE - SUPPLERANDE BIOLOGISK UTGREIING	2014/294
PS 16/14	Haugaland Kraft AS - Nye Etne - Auka produksjon ved kraftverka i Litledalen - Etne kommune	2014/373
PS 17/14	Tellevikvegen - gjennomkjøring i rushtida	2014/354
PS 18/14	INNSPEL FRÅ HORDALAND FYLKESKOMMUNE TIL JORDBRUKSFORHANDLINGANE 2014	2014/958
PS 19/14	Godkjenning av prosjektrekneskap - Hjeltnes vgs - utbetring av vatn og avløp	2014/65
PS 20/14	Handlingsprogram 2014, Regional plan for museum 2011-2015	2014/276
PS 21/14	Godkjenning av 2 prosjektrekneskap innan skulesektoren	2014/65
PS 22/14	Godkjenning av 20 prosjektrekneskapar i hovudsak innan skulesektoren	2014/65
PS 23/14	Ny skule i Åsane - utbyggingsavtale i samband med reguleringsplan	2014/126
PS 24/14	VOSS GYMNAS OG VOSS VIDAREGÅANDE SKULE.AVTALE OM BRUKSRETT TIL NY KUNSTGRASBANE VED SENTRALIDRETTSANLEGGET I PRESTEGARDSMOEN PÅ VOSS.	2014/215
PS	Val av rådsmedlem i Norsk Klimastiftelse	2014/443

25/14

PS Ymse

26/14

PS 1/14 Godkjenning møteinnkalling

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.01.2014

Vedtak

Innkallinga vart godkjend utan merknader.

Saklista vart godkjend utan merknader.

PS 2/14 Godkjenning møtebok forrige møte

Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 30.01.2014

Vedtak

Møteboka frå fylkesutvalet 05.12.2013 vert godkjend.

PS 3/14 Referatsaker (Meldingar)

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.01.2014

Vedtak

Referatsaker 1-11/14 og 13/14

I samband med referatsak 10/14 "Oversikt over større saker til politisk behandling våren 2014 - pr. januar"

etterspurde **Benthe Bondhus** sak om kompensasjonsordninga. Fylkesrådmannen svarte at saka vil kome opp på neste møte i fylkesutvalet.

I samband med referatsak 8/14 "Grunnlovsjubileet 2014" gjorde **Mona Hellesnes** fylkesutvalet merksam på Hordaland fylkeskommune si rolle som samordningsorgan for arrangement i samband med jubiléet.

Til same referatsak spurde **Aud Karin Oen** om korleis 22. juli skal markerast. **Nils-Olav Nøss** opplyste at det vert nasjonal markering.

I samband med referatsak 11/14 "Status for spørsmål/oversendingsforslag i fylkesutvalet pr. januar 2014" etterspurde **Mona Røsvik Strømme** svar på spørsmålet om tilbodet til ekstrem premature born. Fylkesordføraren svarte at det enno ikkje ligg føre svar på spørsmålet.

Referatsakene 1-11/14 og 13/14 vart tekne til orientering.

Referatsak 12/14

I samband med referatsak 12/14 "Bybanen Utbygging (BU), orientering om forsinkelser framdrift grunnarbeider byggetrinn 3" gjekk Stein-Inge Ryssdal frå som ugild fordi han er tilsett i Bybanen utbygging og har vore saksbehandlar for den aktuelle referatsaka. Jf. kommunelova § 40 nr. 3b.

Det var 14 representantar til stades.

Mona Røsvik Strømme oppmoda om at referatsaka også vert lagt fram for samferdselsutvalet.

Terje Søviknes påpeikte at detaljerte romprogram m.v. for vidaregåande skular vert lagt fram for politisk behandling, noko som ikkje er tilfelle for bybaneutbygging. Fylkesordføraren vil vurdere om det skal vere meir lik behandling for alle utbyggingar.

VEDTAK

Referatsak 12/14 vart teken til orientering.

RS 1/14 Fråsegn frå samferdselsutvalet i Hordaland fylkeskommune om midlar til rassikring

RS 2/14 Byrådet i Bergen sin førespurnad om å overta drifta av dei vidaregåande skulane i Bergen

RS 3/14 Assembly of European regions (AER)

RS 4/14 Sikring av Askøybrua

RS 5/14 Innfartsparkering og busstilbod Ågotnes

RS 6/14 Tilbodsstruktur for Fagskolane i Hordaland 2014/15

RS 7/14 Kopi - Aksdal - Bergen - E 39 - Rammer for videre planlegging

RS 8/14 Grunnlovsjubileet 2014

RS 9/14 E-lån Hordaland

RS 10/14 Oversikt over større saker til politisk behandling våren 2014 - pr januar

RS 11/14 Status for spørsmål/oversendingsforslag i fylkesutvalet pr januar 2014

RS 12/14 Bybanen utbygging - framdrift byggetrinn 3

RS 13/14 Søknad frå Bergen kommune om mynde med heimel i kulturminneloven. Administrasjonen si vurdering av saka

PS 4/14 Delegerete saker

Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 30.01.2014

Vedtak

Delegeret sak 1/14 vart referert.

DS 1/14 Valen og Handeland gard i Kvinnherad.

Godkjenning av kjøpekontrakt. Signatur på kjøpar sin søknad om konsesjon.

PS 5/14 Evaluering av drosjeverksemda i Bergen køyreområde 2013

Forslag til innstilling/vedtak/avgjerd

1. Fylkesutvalet tek evalueringa av drosjeverksemda til orientering, og godkjenner endring i drosjereglementet slik det går fram av saka.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 22.01.2014

Pål Kårbø sette fram slikt forslag.

«Saka vert utsett. Det vert sett ned ei tverrpolitisk arbeidsgruppe som arbeider nærmare med evalueringsrapporten før endeleg handsaming før sommaren.»

Røysting

Forslaget om utsetjing fekk 7 røyster (A, SP, SV, KRF) og fall.

Stein Inge Ryssdal sette på vegne av H, FRP, KRF fram forslag til vedtak.

«Samferdselsutvalet vil be om at det innan 01.06.2014 vert lagt fram ei sak om korleis det for kvart enkelt løyve kan rapporterast total tid i drift og drift i i periodar med etterspørrelspresso. Likeeins korleis det kan sanksjonerast mot løyve som er lite i bruk. Nødvendige endringar av reglementet som fylgje av dette bør handsamast i saka.»

Pål Kårbø sette fram forslag til nytt pkt. i innstillinga.

«Fylkesutvalet ber om at fristen på overgang mellom sentralane vert reell på 3 mnd. Dvs at ein ikkje kan vera kontinuerleg klar til overgang.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Pål Kårbø sitt forslag til nytt pkt vart vedteke mot 3 røyster FRP og Eli Berland (H). Stein Inge Ryssdal sit forslag til vedtak vart vedteke mot 4 røyster (A).

Innstilling

Fylkesutvalet tek evalueringa av drosjeverksemda til orientering, og godkjenner

1. endringa i drosjereglementet slik det går fram av saka.

- 2 Fylkesutvalet ber om at fristen på overgang mellom sentralane vert reell på 3 mnd.
Dvs at ein ikkje kan vera kontinuerleg klar til overgang

Vedtak

Samferdselsutvalet vil be om at det innan 01.06.2014 vert lagt fram ei sak om korleis det for kvart einkelt løyve kan rapporterast total tid i drift og drift i i periodar med etterspørrelspresso. Likeeins korleis det kan sanksjonerast mot løyve som er lite i bruk. Nødvendige endringar av reglementet som fylgje av dette bør handsamast i saka

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.01.2014

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

- 1 Fylkesutvalet tek evalueringa av drosjeverksemda til orientering, og godkjenner.
 - . endringa i drosjereglementet slik det går fram av saka.
- 2 Fylkesutvalet ber om at fristen på overgang mellom sentralane vert reell på 3 månader.
 - . Dvs. at ein ikkje kan vera kontinuerleg klar til overgang.

PS 6/14 Søknad frå Christiania Taxi om etablering av ny taxisentral i Bergen køyreområde

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet gjev Christiania Taxi AS konsesjon til å driva drosjesentral i Bergen køyreområde.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 22.01.2014

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart vedteke mot 7 røyster (A, SP, SV, KRF).

Innstilling

1. Fylkesutvalet gjev Christiania Taxi AS konsesjon til å driva drosjesentral i Bergen køyreområde.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.01.2014

Innstillinga vart vedteken mot 3 røyster (KrF, SV, SP).

Vedtak

Fylkesutvalet gjev Christiania Taxi AS konsesjon til å driva drosjesentral i Bergen køyreområde.

PS 7/14 Kollektivstrategi for Hordaland - Høyringsutkast

Forslag til innstilling

1. Framlegg til Kollektivstrategi for Hordaland gir eit godt grunnlag for det vidare arbeidet med å utvikle kollektivtransporten i fylket.
2. Kollektivstrategi for Hordaland vert sendt på høyring med høyringsfrist 28. mars 2014.

Saksprotokoll i Samferdselsutsvalet - 22.01.2014

Tom Skauge sette fram oversendingsforslag

Administrasjonen legg fram sak med tid og kostnader som kø på vegane gjev bussane som kører for Skyss.

Forslag frå eit samla utval

Fylkesutvalet meiner at Kollektivstrategi for Hordaland også bør omtala grensesnittet mot drosjenæringa. I tillegg bør det seiast noko meir om strategien for kollektivtrafikken utanom Bergensregionen.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Samferdselsutsvalet sitt tillegg vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Framlegg til Kollektivstrategi for Hordaland gir eit godt grunnlag for det vidare arbeidet med å utvikle kollektivtransporten i fylket.
2. Kollektivstrategi for Hordaland vert sendt på høyring med høyringsfrist 28. mars 2014.
3. Fylkesutvalet meiner at Kollektivstrategi for Hordaland også bør omtala grensesnittet mot drosjenæringa. I tillegg bør det seiast noko meir om strategien for kollektivtrafikken utanom Bergensregionen.

Oversendingsforslag frå Tom Skauge

Administrasjonen legg fram sak med tid og kostnader som kø på vegane gjev bussane som kører for Skyss.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.01.2014

Sigbjørn Framnes sette på vegner av Frp, H og V fram slikt forslag:

"Tillegg til siste setning i punkt 3:

I tillegg bør det seiast noko meir om strategien for kollektivtrafikken utanom Bergensregionen, *herunder infrastrukturanlegg i anbodsområda.*"

Mona Røsvik Strømme sette på vegner av H og Frp fram slik protokollmerknad:

"Frp og H vurderer bruk av bompengar til drift av kollektiv, innføring av rushtidsavgift samt å reservere 2 felt av 4-feltsvegar til sambruksfelt eller kollektivfelt som lite ønskjeleg. Vi vil kome tilbake til dette i endeleg behandling av kollektivstrategien."

Mona Hellesnes sette på vegner av V, H og Frp fram slikt forslag:

"Punkt 2, endring:
..., med høyringsfrist 11. april 2014."

Røysting

Innstillinga punkt 1 vart samrøystes vedteken.

Innstillinga punkt 2 med Hellesnes sitt forslag vart samrøystes vedteken.

Innstillinga punkt 3 vart samrøystes vedteken.

Framnes sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Framlegg til Kollektivstrategi for Hordaland gir eit godt grunnlag for det vidare arbeidet med å utvikle kollektivtransporten i fylket.
2. Kollektivstrategi for Hordaland vert sendt på høyring med høyringsfrist 11. april 2014.
3. Fylkesutvalet meiner at Kollektivstrategi for Hordaland også bør omtale grensesnittet mot drosjenæringa. I tillegg bør det seiast noko meir om strategien for kollektivtrafikken utanom Bergensregionen, herunder infrastrukturane i anbodsområda.

Protokollmerknad frå H og Frp

Frp og H vurderer bruk av bompengar til drift av kollektiv, innføring av rushtidsavgift samt å reservere 2 felt av 4-feltsvegar til sambruksfelt eller kollektivfelt som lite ønskjeleg. Vi vil kome tilbake til dette i endeleg behandling av kollektivstrategien.

PS 8/14 Uttale til "Forslag til minimum indikatorsett som grunnlag for oppfølging av helhetlige bymiljøavtaler"

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet er positive til etablering av «*helhetlige bymiljøavtaler*» som eit verkemiddel for å bidra til samarbeid mellom lokalt, regionalt og statleg nivå for å nå mål om nullvekst i personbiltrafikken.
2. Fylkesutvalet er positiv til at det vert etablert eit felles sett av indikatorar som skal ligge til grunn ved utforming av den enkelte bymiljøavtale. Fylkesutvalet er samd i at det er viktig å skilje mellom målindikatorar og indikatorar for innsatsområda. Måloppnåing i ei bymiljøavtale bør målast gjennom målindikatorane. Fylkesutvalet

støtter i tillegg at det vert etablert indikatorar knytt til innsatsområda for mellom anna å sikre lokal kontroll og oppfølging av virkemiddelbruken. Ei bymiljøavtale må vere basert på eit partnarskap der konsensus mellom avtalepartane om virkemiddelbruken vert lagt til grunn.

3. Fylkesutvalet er skeptisk til at forslaget, samla sett, er svært ressurskrevjande; både på utforming, vedlikehald og rapportering. I den grad det er metodisk forsvarleg bør det, av omsyn til ressursbruk og kontinuitet, tas i bruk data som allereie har eit etablert system for innsamling.
4. Fylkesutvalet ser det som avgjerande at fokus i bymiljøavtalene er gjensidig forpliktande samarbeid. Rapportering på indikatorane bør inngå i eit styringssystem der det også vert høve til å drøfte og avklare kvalitative tilhøve som det ikkje er mogleg å fange opp i eit indikatorsystem.
5. Fylkesutvalet viser elles til fylkesrådmannen sitt saksframlegg som ein del av høyringsuttalen.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 22.01.2014

Alf Helge Greaker sette fram forslag til nytt pkt i innstillinga.

«Under "Kvalitet på kollektivtilbudet/universell utforming" ber fylkesutvalet at andre målingar og kan nyttast. Til dømes er EuroTest og BEST (Benchmarking European Service of public Transport) sine standarder og metodikk utprøvd og det bør vere moglegheit for dei byregionane som ønskjer det å inkludera andre typar kvalitetsmålingar».

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling pkt 1, 2 og 5 vart samrøystes vedteke.
Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling pkt 3 og 4 vart vedteke mot 6 røyster (A, SP, SV).

Alf Helge Greaker sitt forslag til nytt pkt vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Fylkesutvalet er positive til etablering av «*helhetlige bymiljøavtaler*» som eit verkemiddel for å bidra til samarbeid mellom lokalt, regionalt og statleg nivå for å nå mål om nullvekst i personbiltrafikken.
2. Fylkesutvalet er positiv til at det vert etablert eit felles sett av indikatorar som skal ligge til grunn ved utforming av den enkelte bymiljøavtale. Fylkesutvalet er samd i at det er viktig å skilje mellom målindikatorar og indikatorar for innsatsområda. Måloppnåing i ei bymiljøavtale bør målast gjennom målindikatorane. Fylkesutvalet støtter i tillegg at det vert etablert indikatorar knytt til innsatsområda for mellom anna å sikre lokal kontroll og oppfølging av virkemiddelbruken. Ei bymiljøavtale må vere basert på eit partnarskap der konsensus mellom avtalepartane om virkemiddelbruken vert lagt til grunn.

3. Fylkesutvalet er skeptisk til at forslaget, samla sett, er svært ressurskrevjande; både på utforming, vedlikehald og rapportering. I den grad det er metodisk forsvarleg bør det, av omsyn til ressursbruk og kontinuitet, tas i bruk data som allereie har eit etablert system for innsamling.
4. Fylkesutvalet ser det som avgjerande at fokus i bymiljøavtalene er gjensidig forpliktande samarbeid. Rapportering på indikatorane bør inngå i eit styringssystem der det også vert høve til å drøfte og avklare kvalitative tilhøve som det ikkje er mogleg å fange opp i eit indikatorsystem.
5. Under "Kvalitet på kollektivtilbudet/universell utforming" ber fylkesutvalet at andre målingar og kan nyttast. Til dømes er EuroTest og BEST (Benchmarking European Service of public Transport) sine standarder og metodikk utprøvd og det bør vere moglegheit for dei byregionane som ønskjer det å inkludera andre typar kvalitetsmålingar.
6. Fylkesutvalet viser elles til fylkesrådmannen sitt saksframlegg som ein del av høyringsuttalen.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.01.2014

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkesutvalet er positiv til etablering av "helhetlige bymiljøavtaler" som eit verkemiddel for å bidra til samarbeid mellom lokalt, regionalt og statleg nivå for å nå mål om nullvekst i personbiltrafikken.
2. Fylkesutvalet er positiv til at det vert etablert eit felles sett av indikatorar som skal ligge til grunn ved utforming av den enkelte bymiljøavtale. Fylkesutvalet er samd i at det er viktig å skilje mellom målindikatorar og indikatorar for innsatsområda. Måloppnåing i ein bymiljøavtale bør målast gjennom målindikatorane. Fylkesutvalet støttar i tillegg at det vert etablert indikatorar knytt til innsatsområda for mellom anna å sikre lokal kontroll og oppfølging av verkemiddelbruken. Ein bymiljøavtale må vere basert på eit partnerskap der konsensus mellom avtalepartane om verkemiddelbruken vert lagt til grunn.
3. Fylkesutvalet er skeptisk til at forslaget, samla sett, er svært ressurskrevjande; både på utforming, vedlikehald og rapportering. I den grad det er metodisk forsvarleg bør det, av omsyn til ressursbruk og kontinuitet, takast i bruk data som allereie har eit etablert system for innsamling.
4. Fylkesutvalet ser det som avgjerande at fokus i bymiljøavtalene er gjensidig forpliktande samarbeid. Rapportering på indikatorane bør inngå i eit styringssystem der det også vert høve til å drøfte og avklare kvalitative tilhøve som det ikkje er

mogleg å fange opp i eit indikatorsystem.

5. Under "Kvalitet på kollektivtilbudet/universell utforming" ber fylkesutvalet om at andre målingar og kan nyttast. Til dømes er EuroTest og BEST (Benchmarking European Service of public Transport) sine standardar og metodikk utprøvd og det bør vere moglegheit for dei byregionane som ønskjer det å inkludere andre typar kvalitetsmålingar.
6. Fylkesutvalet viser elles til fylkesrådmannen sitt saksframlegg som ein del av høyringsuttalen.

PS 9/14 Søknad om driftsstøtte til Nordhordlandspakken AS

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet løyver kr 250 000 til Nordhordlandspakken AS til drift av selskapet. Budsjettet for 2014 vert endra slik:

Konto 10 120 930 00 14700 Ymse tilskot aukar med 250.000	kr
Konto 10 720 200 00 14700 Til rådvelde for fylkesutvalet går ned med 250.000	kr

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 22.01.2014

Pål Kårbo meldte seg innhabil som styreleiar og dagleg leiar av selskapet Nordhordlandspakken.

Stein Inge Ryssdal sette på vegne av utvalet fram forslag til nytt vedtak.

«Samferdselsutvalet vil be om at utvalet snarast og seinast 1. juli 2014 vert gjeve ei orientering om status for Nordhordlandspakken.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.
Stein Inge Ryssdal sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Fylkesutvalet løyver kr 250 000 til Nordhordlandspakken AS til drift av selskapet. Budsjettet for 2014 vert endra slik:

Konto 10 120 930 00 14700 Ymse tilskot aukar med 250.000	kr
Konto 10 720 200 00 14700 Til rådvelde for fylkesutvalet går ned med 250.000	kr

Vedtak

Samferdselsutvalet vil be om at utvalet snarast og seinast 1. juli 2014 vert gjeve ei orientering om status for Nordhordlandspakken.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.01.2014

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkesutvalet løyver kr 250 000 til Nordhordlandspakken AS til drift av selskapet.

Budsjettet for 2014 vert endra slik:

Konto 10 120 930 00 14700 Ymse tilskot aukar med kr 250.000.

Konto 10 720 200 00 14700 Til rådvelde for fylkesutvalet går ned med kr 250.000.

PS 10/14 Høyringsuttale til forslag om endringar i skiltforskrifta m.v.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 22.01.2014

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Fylkesutvalet er nøgd med føreslegne skiltendringane, omtala i høyringbrevet frå Vegdirektoratet frå 20.11.2013. Det er særleg behov for eit eige skilt som syner hurtigladeasjonar for elbilar.
2. Fylkesutvalet er samd med Vegdirektoratet i at fylkeskommunane sin uttalerett i fartsreguleringssaker bør heimlast i skiltforskrifta.
3. Fylkesutvalet er samd med Vegdirektoratet i at Regionkontora i Statens vegvesen bør vera skiltstyremakt for alle offentlege og private vegar, som også vil omfatta Bergen og andre byområde. Fylkesutvalet tek ikkje stilling til forslaget om at skiltmynde for kommunal veg også kan heilt eller delvis vidaredelegerast til politi med god trafikktknisk kompetanse.
4. Fylkesutvalet står Vegdirektoratet sitt forslag til endringar i §34 i Skiltforskrifta, som gjer det meir mogleg å nytta sanksjonar mot entreprenør/etat når vegarbeidet ikkje

vert varsle slik som påbode.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.01.2014

Stein Inge Ryssdal sette fram slikt forslag:

"Nytt punkt 5:

Fylkesutvalet meiner at Vegdirektoratet bør vurdere å opne opp for at ein kan ha ein kombinasjon av sambruksfelt og tungtrafikkfelt."

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Ryssdal sitt forslag vart vedteke mot 5 røyster (Frp, V, SV).

Vedtak

1. Fylkesutvalet er nøgd med dei føreslegne skiltendringane, omtalte i høyringsbrevet frå Vegdirektoratet frå 20.11.2013. Det er særleg behov for eit eige skilt som syner hurtigladestasjonar for elbilar.
2. Fylkesutvalet er samd med Vegdirektoratet i at fylkeskommunane sin uttalerett i fartsreguleringssaker bør heimlast i skiltforskrifta.
3. Fylkesutvalet er samd med Vegdirektoratet i at regionkontora i Statens vegvesen bør vera skiltstyresmakt for alle offentlege og private vegar, som også vil omfatta Bergen og andre byområde. Fylkesutvalet tek ikkje stilling til forslaget om at skiltmynde for kommunal veg også heilt eller delvis kan vidaredelegerast til politi med god trafikktknisk kompetanse.
4. Fylkesutvalet står Vegdirektoratet sitt forslag til endringar i § 34 i Skiltforskrifta, som gjer det meir mogleg å nytta sanksjonar mot entreprenør/etat når vegarbeidet ikkje vert varsle slik som påbode.
5. Fylkesutvalet meiner at Vegdirektoratet bør vurdere å opne opp for at ein kan ha ein kombinasjon av sambruksfelt og tungtrafikkfelt.

PS 11/14 Bruk av justeringsmodellen innanfor meirverdiavgiftsområdet

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet godkjenner at fylkeskommunen kan inngå avtalar etter justeringsmodellen.

2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå avtale med utbyggjar og vurdera eventuelt krav om dekking av administrative kostnader.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.01.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet godkjenner at fylkeskommunen kan inngå avtalar etter justeringsmodellen.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå avtale med utbyggjar og vurdera eventuelt krav om dekking av administrative kostnader.

PS 12/14 Prioriteringar for kulturminneforvaltinga 2014

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet tek «Prioriteringar for kulturminnevernet 2014» til etterretning og vil bruke dei nasjonale prioriteringane som grunnlag for å føre ein regional tilpassa kulturminnepolitikk for Hordaland i 2014.
2. Fylkesutvalet oppmodar statlege styresmakter om å kostnadsrekne prioriteringane og knyte desse til auka overføringer til regionalforvaltinga frå statsbudsjettet.
3. Fylkesutvalet vil prioritere å utvikle kulturminnekompentansen i kommunane gjennom eige prosjekt, slik at alle kommunar i Hordaland har starta arbeid med kulturminneplan innan utgangen av 2016.
4. Fylkesutvalet vil leggje til rette for at Hordaland fylkeskommunen sine utviklingsmidlar for kultur og regional utvikling også er tilgjengelege for arbeid med kulturminne og verdiskaping.
5. Fylkesutvalet ser positivt på at Riksantikvaren vurderer overføring av fleire oppgåver og utvida mynde etter kulturminneloven til fylkeskommunen og ser særleg fartøyvern som eit viktig ansvarsområde.
6. Fylkesutvalet ber om at samarbeidet med Statens naturoppsyn held fram for å betre tilsyn, overvaking og skjøtsel av kulturminne og kulturmiljø.
7. Fylkesutvalet støttar vidareføring av arbeidet med å utvikle og styrke kulturminnevernet gjennom partnarskap med kommunar og eigarar.
8. Fylkesutvalet ber administrasjonen om å legga fram sak om situasjonen for ikkje-freda kulturminne med vurdering av ordningane for regionale tilskot til vern og

vøling.

9. For å fremje forvaltinga av automatisk freda kulturminne ber fylkesutvalet om at bevaringsprogramma BERG og BARK vert innretta for å støtte betre opp under lokalt forankra satsingar på formidling og skjøtsel.
10. Fylkesutvalet ber om at administrasjonen prioriterer arbeidet med å nå det nasjonale målet om ei representativ fredingsliste.
11. Fylkesutvalet ber administrasjonen utvikla rutinar for koordinering av tilstandsregistrering og istandsetjingstiltak og ein plan for rullerande oppdatering av tilstandsregistreringane.
12. Fylkesutvalet ber om at statlege midlar til istandsetting av nasjonale kulturminne vert oppjustert slik at ein kan sikre ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020.
13. Fylkesutvalet ber om at fredingsarbeidet vert høgt prioritert i 2014.
14. Fylkesutvalet er positiv til at Hordaland fylkeskommune bidreg i arbeidet med Kystpilegrimsleia frå Stavanger til Nidaros.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 21.01.2014

Gunnar Bakke (FrP) sette fram slikt forslag:

«Pkt. 15 Fylkesutvalet ber om at det prioriterast å sikre fleire kulturhistoriske bygningar av stor verdi gjennom installasjonar av sprinkelanlegg.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag 1 – 14 vart samrøystes vedteke
Bakke sitt forslag til pkt. 15 vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Fylkesutvalet tek «Prioriteringar for kulturminnevernet 2014» til etterretning og vil bruke dei nasjonale prioriteringane som grunnlag for å føre ein regional tilpassa kulturminnepolitikk for Hordaland i 2014.
2. Fylkesutvalet oppmodar statlege styresmakter om å kostnadsrekne prioriteringane og knyte desse til auka overføringer til regionalforvaltinga frå statsbudsjettet.
3. Fylkesutvalet vil prioritere å utvikle kulturminnekompentansen i kommunane gjennom eige prosjekt, slik at alle kommunar i Hordaland har starta arbeid med kulturminneplan innan utgangen av 2016.
4. Fylkesutvalet vil leggje til rette for at Hordaland fylkeskommunen sine utviklingsmidlar for kultur og regional utvikling også er tilgjengelege for arbeid med kulturminne og verdiskaping.
5. Fylkesutvalet ser positivt på at Riksantikvaren vurderer overføring av fleire oppgåver og utvida mynde etter kulturminneloven til fylkeskommunen og ser

særleg fartøyvern som eit viktig ansvarsområde.

6. Fylkesutvalet ber om at samarbeidet med Statens naturoppsyn held fram for å betre tilsyn, overvaking og skjøtsel av kulturminne og kulturmiljø.
7. Fylkesutvalet støttar vidareføring av arbeidet med å utvikle og styrke kulturminnevernet gjennom partnarskap med kommunar og eigarar.
8. Fylkesutvalet ber administrasjonen om å legga fram sak om situasjonen for ikkje-freda kulturminne med vurdering av ordningane for regionale tilskot til vern og vøling.
9. For å fremje forvaltinga av automatisk freda kulturminne ber fylkesutvalet om at bevaringsprogramma BERG og BARK vert innretta for å støtte betre opp under lokalt forankra satsingar på formidling og skjøtsel.
10. Fylkesutvalet ber om at administrasjonen prioriterer arbeidet med å nå det nasjonale målet om ei representativ fredingsliste.
11. Fylkesutvalet ber administrasjonen utvikla rutinar for koordinering av tilstandsregistrering og istandsetjingstiltak og ein plan for rullerande oppdatering av tilstandsregistreringane.
12. Fylkesutvalet ber om at statlege midlar til istandsetting av nasjonale kulturminne vert oppjustert slik at ein kan sikre ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020.
13. Fylkesutvalet ber om at fredingsarbeidet vert høgt prioritert i 2014.
14. Fylkesutvalet er positiv til at Hordaland fylkeskommune bidreg i arbeidet med Kystpilegrimsleia frå Stavanger til Nidaros.
15. Fylkesutvalet ber om at det prioriterast å sikre fleire kulturhistoriske bygningar av stor verdi gjennom installasjonar av sprinkelanlegg.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.01.2014

Mona Hellesnes sette på vegner av V, Frp og H fram sikt forslag:

"Alternativt punkt 3:

Fylkesutvalet vil prioritere å utvikle kulturminnekompesanse i kommunane gjennom eige prosjekt, med mål om at alle kommunar i Hordaland har starta arbeidet med kulturminneplan innan utgangen av 2016.

I arbeidet med kulturminnevernet skal det leggjast stor vekt på tidleg og god dialog med kommunane, særskilt i fredingssaker."

Røysting

Innstillinga punkt 1 og 2 vart samråystes vedteken.

Hellesnes sitt forslag, 1. setning, vart samrøystes vedteke mot ingen røyster for innstillinga punkt 3.

Hellesnes sitt forslag, 2. setning, vart samrøystes vedteke.

Innstillinga punkt 4-15 vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkesutvalet tek "Prioriteringar for kulturminnevernet 2014" til etterretning og vil bruke dei nasjonale prioriteringane som grunnlag for å føre ein regional tilpassa kulturminnepolitikk for Hordaland i 2014.
2. Fylkesutvalet oppmodar statlege styresmakter om å kostnadsrekne prioriteringane og knyte desse til auka overføringer til regionalforvaltinga frå statsbudsjettet.
3. Fylkesutvalet vil prioritere å utvikle kulturminnekopetanse i kommunane gjennom eige prosjekt, med mål om at alle kommunar i Hordaland har starta arbeid med kulturminneplan innan utgangen av 2016.

I arbeidet med kulturminnevernet skal det leggjast stor vekt på tidleg og god dialog med kommunane, særskilt i fredingssaker.

4. Fylkesutvalet vil leggje til rette for at Hordaland fylkeskommune sine utviklingsmidlar for kultur og regional utvikling også er tilgjengelege for arbeid med kulturminne og verdiskaping.
5. Fylkesutvalet ser positivt på at Riksantikvaren vurderer overføring av fleire oppgåver og utvida mynde etter kulturminnelova til fylkeskommunen og ser særleg fartøyvern som eit viktig ansvarsområde.
6. Fylkesutvalet ber om at samarbeidet med Statens naturoppsyn held fram for å betre tilsyn, overvaking og skjøtsel av kulturminne og kulturmiljø.
7. Fylkesutvalet støttar vidareføring av arbeidet med å utvikle og styrke kulturminnevernet gjennom partnarskap med kommunar og eigarar.
8. Fylkesutvalet ber administrasjonen om å leggje fram sak om situasjonen for ikkje-freda kulturminne med vurdering av ordningane for regionale tilskot til vern og vøling.
9. For å fremje forvaltinga av automatisk freda kulturminne ber fylkesutvalet om at bevaringsprogramma BERG og BARK vert innretta for å støtte betre opp under lokalt forankra satsingar på formidling og skjøtsel.
10. Fylkesutvalet ber om at administrasjonen prioriterer arbeidet med å nå det nasjonale målet om ei representativ fredingsliste.
11. Fylkesutvalet ber administrasjonen utvikle rutinar for koordinering av tilstandsregistrering og istandsetjingstiltak og ein plan for rullerande oppdatering av tilstandsregistreringane.

12. Fylkesutvalet ber om at statlege midlar til istandsetting av nasjonale kulturminne vert oppjustert slik at ein kan sikre ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020.
13. Fylkesutvalet ber om at fredingsarbeidet vert høgt prioritert i 2014.
14. Fylkesutvalet er positiv til at Hordaland fylkeskommune bidreg i arbeidet med Kystpilegrimsleia frå Stavanger til Nidaros.
15. Fylkesutvalet ber om at det vert prioritert å sikre fleire kulturhistoriske bygningar av stor verdi gjennom installasjonar av sprinkelanlegg.

PS 13/14 Høring av forslag om forskrift om fredning av kulturhistoriske eiendommer - kapittel 10 eiendommer i justissektorens landsverneplan

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet sluttar seg til freding av Bergen tinghus, Hordaland sivilforsvarsleir Espeland, Ravneberget utkikkskiosk og sorenskrivargarden i Lofthus.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 21.01.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkesutvalet sluttar seg til freding av Bergen tinghus, Hordaland sivilforsvarsleir Espeland, Ravneberget utkikkskiosk og sorenskrivargarden i Lofthus.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.01.2014

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkesutvalet sluttar seg til freding av Bergen tinghus, Hordaland sivilforsvarsleir Espeland, Ravneberget utkikkskiosk og sorenskrivargarden i Lofthus.

PS 14/14 Prosjekt - Kulturminnekompesanse i kommunane og kulturminneplanar

Forslag til innstilling/vedtak/avgjerd

1. Fylkesutvalet sluttar seg til innhaldet og satsinga og vedlagte prosjektplan for prosjektet Kulturminneplan i kommunane 2013-2016.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 21.01.2014

Mona R. Strømme sette fram slikt tilleggsforslag:

«Tillegg pkt 2

Fylkesutvalet ser det viktig med god dialog med kommunane i kulturminnesaker.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samråystes vedteke
Strømme sitt tilleggsforslag vart samråystes vedteke

Innstilling

1. Fylkesutvalet sluttar seg til innhaldet og satsinga og vedlagte prosjektplan for prosjektet Kulturminneplan i kommunane 2013-2016.
2. Fylkesutvalet ser det viktig med god dialog med kommunane i kulturminnesaker

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.01.2014

Innstillinga vart samråystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkesutvalet sluttar seg til innhaldet og satsinga og vedlagte prosjektplan for prosjektet Kulturminneplan i kommunane 2013-2016.
2. Fylkesutvalet ser det som viktig med god dialog med kommunane i kulturminnesaker.

PS 15/14 SØKNAD OM BYGGJING AV TESGJOLO SMÅKRAFTVERK I VOSS KOMMUNE - SUPPLERANDE BIOLOGISK UTGREIING

Forslag til innstilling/vedtak/avgjerd

1. Hordaland fylkeskommune meiner at dei supplerande biologiske undersøkingane, i tillegg til dei opphavlege undersøkingane frå 2006, gjev nok opplysningar til å fatte eit vedtak.
2. Hordaland fylkeskommune ser positivt på framlagd søknad om bygging av småkraftverk ved elva Tesgjolo (Tesgjolo Kraft AS).
3. Det leggjast vekt på at elva Tesgjolo høyrer til eit verna vassdrag, og her er det ikkje lov å byggje kraftverk større enn 1 MW. I tillegg skal ikkje tiltaket svekke verneverdiane i området nemneverdig.
4. Ei regulering vil ha negativ verknad på artar knytt til sjølve vasstrenget og nærområdet til desse. Dette gjeld spesielt fuktrevjande planteartar, kryptogamflora og fuglearter som fossekall, strandsnipe, linerle og vintererle. Rapport for supplerande biologiske undersøkingar foreslår følgjande avbøtande tiltak: 1) Det er anbefalt at tiltaka gjerast så skånsamt som muleg. 2) Minstevassføring og spyleflaumar. 3) Tersklar for lav- og moseartar i bekkekløfta og i fossesprøytsona. Hordaland fylkeskommune støttar anbefalinga.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 21.01.2014

Natalia Golis (MDG) sette fram slikt forslag:

«På grunnlag av at Tesgjolo småkraftverk er ein del av eit vernet vassdrag så råder vi ifrå utbygging.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke mot 2 røyster (MDG) for Golis sitt forslag.

Innstilling

1. Hordaland fylkeskommune meiner at dei supplerande biologiske undersøkingane, i tillegg til dei opphavlege undersøkingane frå 2006, gjev nok opplysningar til å fatte eit vedtak.
2. Hordaland fylkeskommune ser positivt på framlagd søknad om bygging av småkraftverk ved elva Tesgjolo (Tesgjolo Kraft AS).
3. Det leggjast vekt på at elva Tesgjolo høyrer til eit verna vassdrag, og her er det ikkje lov å byggje kraftverk større enn 1 MW. I tillegg skal ikkje tiltaket svekke verneverdiane i området nemneverdig.

Ei regulering vil ha negativ verknad på artar knytt til sjølve vasstrenget og nærområdet til desse. Dette gjeld spesielt fuktrevjande planteartar, kryptogamflora og fuglearter som

4. fossekall, strandsnipe, linerle og vintererle. Rapport for supplerande biologiske undersøkingar foreslår følgjande avbøtande tiltak: 1) Det er anbefalt at tiltaka gjerast så skånsamt som muleg. 2) Minstevassføring og spyleflaumar. 3) Tersklar for lav- og moseartar i bekkekløfta og i fossesprøytsone. Hordaland fylkeskommune støttar anbefalinga.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.01.2014

Innstillinga vart vedteken mot 1 røyst (SV).

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune meiner at dei supplerande biologiske undersøkingane, i tillegg til dei opphavlege undersøkingane frå 2006, gjev nok opplysningar til å fatte eit vedtak.
2. Hordaland fylkeskommune ser positivt på framlagd søknad om bygging av småkraftverk ved elva Tes gjolo (Tes gjolo Kraft AS).
3. Det vert lagt vekt på at elva Tes gjolo høyrer til eit verna vassdrag, og her er det ikkje lov å byggje kraftverk større enn 1 MW. I tillegg skal ikkje tiltaket svekke verneverdiane i området nemneverdig.
4. Ei regulering vil ha negativ verknad på artar knytt til sjølve vasstrekken og nærområdet til desse. Dette gjeld spesielt fuktrevjande planteartar, kryptogamflora og fuglearter som fossekall, strandsnipe, linerle og vintererle. Rapport for supplerande biologiske undersøkingar foreslår følgjande avbøtande tiltak: 1) Det er anbefalt at tiltaka vert gjort så skånsamt som muleg. 2) Minstevassføring og spyleflaumar. 3) Tersklar for lav- og moseartar i bekkekløfta og i fossesprøytsone. Hordaland fylkeskommune støttar anbefalinga.

PS 16/14 Haugaland Kraft AS - Nye Etne - Auka produksjon ved kraftverka i Litledalen - Etne kommune

Forslag til innstilling

1. Søknaden skal som minstemål følgja mal frå NVE for småkraftverksøknader.
2. Oversiktskart som syner eksisterande kraftverk i området og område med særskilt vern skal vera del av søknaden.

3. Kart med innteikna kraftverk, inntaksdam, vassveg, tilkomstvegar, anleggsvegar, kraftlinjer, tipper og andre arealinngrep som er naudsynte for å gjennomføra utbygginga, skal vera del av søknaden.
4. Konsesjonssøknaden må ha særleg grundig omtale av verneverdiar og verknader for desse.
5. I område der utbygging kan føra med seg skade på natur- og artstypar av stor verdi eller område med potensiale for slike, skal det kartleggjast. Den anadrome fiskebestanden i Etnevassdraget skal ha særleg høg prioritet.
6. Grundige vurderingar av konsekvensane for landskap og friluftsliv må vera ein del av søknaden.
7. Avbøtande tiltak i høve til fisk, landskap og friluftsliv skal vurderast. Om det ikkje kjem i konflikt med kulturminne, skal vassvegar, stasjonsbygningar og kraftlinjer som går ut av bruk, fjernast.
8. Konsesjonssøknad skal innehalda fotoillustrasjon som viser nærverknad og fjernverknad av inngrep med varierande vassføring.
9. Som del av søknadsprosessen må fylkeskommunen som kulturminnestyresmakt kontaktast for oppfylling av undersøkingsplikta etter kulturminnelova. Felles synfaring og eventuelle pålegg om arkeologiske undersøkingar må vera oppfylte innan fylkeskommunen tar stilling til saka.
10. Som del av søknadsprosessen må planstatus i høve til kommuneplan avklarast.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 21.01.2014

Siri Klokkerstuen er grunneigar og ønskte utvalet si vurdering om ho var ugild i saka. Utvalet fann at Klokkerstuen var ugild jf. Forvaltningslova § 6 1-ledd, a.

Øyvind Hardeland gjekk inn som vara for Klokkerstuen.

Det var 12 representantar til stades.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Søknaden skal som minstemål følgja mal fra NVE for småkraftverksøknader.
2. Oversiktskart som syner eksisterande kraftverk i området og område med særskilt vern skal vera del av søknaden.
3. Kart med innteikna kraftverk, inntaksdam, vassveg, tilkomstvegar, anleggsvegar, kraftlinjer, tipper og andre arealinngrep som er naudsynte for å gjennomføra utbygginga, skal vera del av søknaden.
4. Konsesjonssøknaden må ha særleg grundig omtale av verneverdiar og verknader for desse.

5. I område der utbygging kan føra med seg skade på natur- og artstypar av stor verdi eller område med potensiale for slike, skal det kartleggjast. Den anadrome fiskebestanden i Etnevassdraget skal ha særleg høg prioritet.
6. Grundige vurderinger av konsekvensane for landskap og friluftsliv må vera ein del av søknaden.
7. Avbøtande tiltak i høve til fisk, landskap og friluftsliv skal vurderast. Om det ikkje kjem i konflikt med kulturminne, skal vassvegar, stasjonsbygningar og kraftlinjer som går ut av bruk, fjernast.
8. Konsesjonssøknad skal innehalda fotoillustrasjon som viser nærverknad og fjernverknad av inngrep med varierande vassføring.
9. Som del av søknadsprosessen må fylkeskommunen som kulturminnestyresmakt kontaktast for oppfylling av undersøkingsplikta etter kulturminnelova. Felles synfaring og eventuelle pålegg om arkeologiske undersøkingar må vera oppfylte innan fylkeskommunen tar stilling til saka.
10. Som del av søknadsprosessen må planstatus i høve til kommuneplan avklarast.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.01.2014

Innstillinga vart samråystes vedteken.

Vedtak

1. Søknaden skal som minstemål følgja mal frå NVE for småkraftverksøknader.
2. Oversiktskart som syner eksisterande kraftverk i området og område med særskilt vern skal vera del av søknaden.
3. Kart med innteikna kraftverk, inntaksdam, vassveg, tilkomstvegar, anleggsvegar, kraftlinjer, tipper og andre arealinngrep som er naudsynte for å gjennomføra utbygginga, skal vera del av søknaden.
4. Konsesjonssøknaden må ha særleg grundig omtale av verneverdiar og verknader for desse.
5. I område der utbygging kan føra med seg skade på natur- og artstypar av stor verdi eller område med potensiale for slike, skal det kartleggjast. Den anadrome fiskebestanden i Etnevassdraget skal ha særleg høg prioritet.
6. Grundige vurderinger av konsekvensane for landskap og friluftsliv må vera ein del av søknaden.
7. Avbøtande tiltak i høve til fisk, landskap og friluftsliv skal vurderast. Om det ikkje kjem i konflikt med kulturminne, skal vassvegar, stasjonsbygningar og kraftlinjer som går ut av bruk, fjernast.
8. Konsesjonssøknad skal innehalda fotoillustrasjon som viser nærverknad og fjernverknad av inngrep med varierande vassføring.
9. Som del av søknadsprosessen må fylkeskommunen som kulturminnestyresmarkt kontaktast for oppfylling av undersøkingsplikta etter kulturminnelova. Felles

synfaring og eventuelle pålegg om arkeologiske undersøkingar må vera oppfylte innan fylkeskommunen tar stilling til saka.

10. Som del av søknadsprosessen må planstatus i høve til kommuneplan avklarast.

PS 17/14 Tellevikvegen - gjennomkjøring i rushtida

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet tek saka til orientering.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 22.01.2014

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Fylkesutvalet tek saka til orientering.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.01.2014

Nils-Olav Nøss sette fram slikt forslag:

1. "Fylkesutvalet ber skiltstyresmakt for Bergen om å stenga Tellevikvegen for gjennomkjøring med skilt "Forbudt for motorvogn" og underskilt "Gjelder gjennomkjøring". Fylkesutvalet føreset at Politiet følgjer opp dette med kontrollar, slik at forbodet vert handheva.
2. Dersom skiltstyresmakt for Bergen ikkje gjennomfører stenging av vegen som i punkt 1, vert fylkesordføraren beden om å kontakta ansvarleg statsråd for å sikra at vedtaket vert gjennomført."

Røysting

Nøss sitt forslag punkt 1 vart samrøystes vedteke mot ingen røyster for innstillinga. Nøss sitt forslag punkt 2 fekk 7 røyster (A, SV, SP, KrF) og fall.

Vedtak

Fylkesutvalet ber skiltstyresmakt for Bergen om å stenga Tellevikvegen for gjennomkjøring med skilt "Forbudt for motorvogn" og underskilt "Gjelder gjennomkjøring". Fylkesutvalet føreset at Politiet følgjer opp dette med kontrollar, slik at forbodet vert handheva.

PS 18/14 INNSPEL FRÅ HORDALAND FYLKESKOMMUNE TIL JORDBRUKSFORHANDLINGANE 2014

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet anbefaler at det satsast på tiltak som styrker rekrutteringa til landbruket, både ny rekruttering og tidligare eigarskifte på garden. Sikre rett kompetanse til rett tid et viktig tiltak.
2. Fylkesutvalet meiner at verkemidlane i landbrukspolitikken må vere tilpassa ulikt ressursgrunnlag og regionale forskjellar for å sikre drift i det meste av landet.
3. Fylkesutvalet anbefaler at det satsast på eit nasjonalt utviklingsprogram for frukt- og bærdfyrking som legg særleg vekt på auka kompetanse, nye sortar og dyrkingsteknikkar.
4. Fylkesutvalet anbefaler at ein større del av avtalemidlane forvalta regionalt, for å målrette dei betre. Rammene for nyinvestering i landbruket må ta høgde for regionale skilnader i bruksstruktur, topografi og klima.
5. Skogen på vestlandet er hogstmogen. Fylkesutvalet meiner at det bør leggjast til rette for auka berekraftig avverking og uttak av biomasse frå skog.
6. Fylkesutvalet anbefaler å vidareutvikle bygdenæringane i Hordaland gjennom nyskaping og innovasjon.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.01.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke

Vedtak

1. Fylkesutvalet anbefaler at det vert satsa på tiltak som styrker rekrutteringa til landbruket, både ny rekruttering og tidligare eigarskifte på garden. Sikre rett kompetanse til rett tid er et viktig tiltak.
2. Fylkesutvalet meiner at verkemidlane i landbrukspolitikken må vere tilpassa ulikt ressursgrunnlag og regionale forskjellar for å sikre drift i det meste av landet.
3. Fylkesutvalet anbefaler at det vert satsa på eit nasjonalt utviklingsprogram for frukt- og bærdfyrking som legg særleg vekt på auka kompetanse, nye sortar og dyrkingsteknikkar.
4. Fylkesutvalet anbefaler at ein større del av avtalemidlane vert forvalta regionalt, for å målrette dei betre. Rammene for nyinvestering i landbruket må ta høgde for regionale skilnader i bruksstruktur, topografi og klima.
5. Skogen på vestlandet er hogstmogen. Fylkesutvalet meiner at det bør leggjast til rette for auka berekraftig avverking og uttak av biomasse frå skog.
6. Fylkesutvalet anbefaler å vidareutvikle bygdenæringane i Hordaland gjennom

PS 19/14 Godkjenning av prosjektrekneskap - Hjeltnes vgs - utbetring av vatn og avløp

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget godkjenner prosjektrekneskapet i denne saka.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.01.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget godkjenner prosjektrekneskapen i denne saka.

PS 20/14 Handlingsprogram 2014, Regional plan for museum 2011-2015

Forslag til innstilling/vedtak/avgjerd

1. Fylkestinget vedtek handlingsprogrammet for 2014, Regional plan for museum 2011-2015, slik det går fram av saka
2. Fordeling av museumsplanmidlar for 2014, 2,1 millionar kroner, er i handlingsprogrammet fordelt på det einskilde tiltak, men ikkje spesifisert med omsyn til enkeltinstitusjon. Ei slik fordeling vert å kome attende til i eiga sak for vedtak i Kultur- og ressursutvalet.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 21.01.2014

Gunnar Bakke (Frp) sette fram slikt forslag til nytt pkt.3:

«3. Fylkestinget ber om at Tiltak 3 *Museumsstrukturen – vurdering av vidare konsolidering* fortsatt blir prioritert som tiltak i Handlingsplanen.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 1-2 vart samrøystes vedteke
Bakke sitt forslag vart samrøystes vedteke

Innstilling

1. Fylkestinget vedtek handlingsprogrammet for 2014, Regional plan for museum 2011-2015, slik det går fram av saka
2. Fordeling av museumsplanmidlar for 2014, 2,1 millionar kroner, er i handlingsprogrammet fordelt på det einskilde tiltak, men ikke spesifisert med omsyn til enkeltinstitusjon. Ei slik fordeling vert å kome attende til i eiga sak for vedtak i Kultur- og ressursutvalet
- 3 Fylkestinget ber om at Tiltak 3 *Museumsstrukturen – vurdering av vidare konsolidering* fortsatt blir prioritert som tiltak i Handlingsplanen

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.01.2014

Tre representantar stilte spørsmål om dei var ugilde fordi dei er med i styret for museum: **Sveinung Valle** (leiar i styret for Museumssenteret Hordaland), **Mona Røsvik Strømme** (styremedlem i KODE) og **Astrid F. Selsvold** (styremedlem i Hardanger og Voss museum). Representantane gjekk frå medan spørsmålet om dei var ugilde vart drøfta.

Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Valle, Strømme og Selsvold ikke var ugilde. jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e.

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget vedtek handlingsprogrammet for 2014, Regional plan for museum 2011-2015, slik det går fram av saka.
2. Fordeling av museumsplanmidlar for 2014, 2,1 millionar kroner, er i handlingsprogrammet fordelt på det einskilde tiltak, men ikke spesifisert med omsyn til enkeltinstitusjon. Ei slik fordeling vert å kome attende til i eiga sak for vedtak i kultur- og ressursutvalet.

PS 21/14 Godkjenning av 2 prosjektrekneskap innan skulesektoren

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet godkjenner prosjektrekneskapane i denne saka.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.01.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet godkjenner prosjektrekneskapane i denne saka.

PS 22/14 Godkjenning av 20 prosjektrekneskapar i hovudsak innan skulesektoren

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet godkjenner prosjektrekneskapane i denne saka.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.01.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet godkjenner prosjektrekneskapane i denne saka.

PS 23/14 Ny skule i Åsane - utbyggingsavtale i samband med reguleringsplan

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet godkjenner forslag til utbyggingsavtale mellom Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune innanfor reguleringsplanen Åsane Sentrum S1

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.01.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet godkjenner forslag til utbyggingsavtale mellom Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune innanfor reguleringsplanen Åsane Sentrum S1.

**PS 24/14 VOSS GYMNAS OG VOSS VIDAREGÅANDE SKULE.AVTALE
OM BRUKSRETT TIL NY KUNSTGRASBANE VED
SENTRALIDRETTSANLEGGET I PRESTEGARDSMOEN PÅ VOSS.**

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet godkjenner vedlagte avtale mellom Voss kommune og Hordaland fylkeskommune om bruksrett til ny kunstgrasbane ved Sentralidrettsanlegget i Prestegardsmoen i Voss kommune.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.01.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet godkjenner vedlagte avtale mellom Voss kommune og Hordaland fylkeskommune om bruksrett til ny kunstgrasbane ved Sentralidrettsanlegget i Prestegardsmoen i Voss kommune.

PS 25/14 Val av rådsmedlem i Norsk Klimastiftelse

Forslag til vedtak

Hordaland fylkeskommune meiner medlemskap i Norsk Klimastiftelse er viktig for å få ned klimagassutsleppa i Hordaland slik Klimaplan for Hordaland legg opp til. Hordaland fylkeskommune vel for perioden 2014 - 2018 som medlem i rådet for Norsk Klimastiftelse.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.01.2014

Mona Røsvik Strømme sette fram slikt forslag:

"Val av rådsmedlem i Norsk Klimastiftelse 2014-2015: Mona Hellesnes (V)."

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag med Strømme sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Hordaland fylkeskommune meiner medlemskap i Norsk Klimastiftelse er viktig for å få ned klimagassutsleppa i Hordaland slik Klimaplan for Hordaland legg opp til. Hordaland

fylkeskommune vel for perioden 2014-2015 Mona Hellesnes som medlem i rådet for Norsk Klimastiftelse.

PS 26/14 Ymse

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.01.2014

Fylkesutvalet var på **synfaring ved Amalie Skram videregående skole**. Synfaringa vart leia av eigedomssjef Helge Haavardtun, rektor Bjørn Lyngedal og Svein H. Kjellevold frå eigedomsseksjonen.

Spesialrådgjevar Stian Skår Ludvigsen frå regionalavdelinga, seksjon analyse, utgreiing og dokumentasjon orienterte om **fylkesprognosene**.

Innsende spørsmål

Aud Karin Oen hadde sendt inn slikt spørsmål til fylkesordføraren:

"Viser til spørsmål og svar om dieselbilar til gasstransport i tingsetet 12.03.13, der m.a. fylkesordføraren svarar han vil ta kontakt med Gasnor AS. Har dette munna ut eit svar? I tilfelle kva."

Det var utarbeidd slikt svar:

"Fylkesordføreren viser til at spørsmål om gasstransport med tankbiler til gasstankanlegget på Halhjem ble reist av representanten Gustav Bahus i samferdselsutvalget 05.06.2013. I spørsmålet fra Bahus ble det også spurta om hva som kunne gjøres fra Gasnor AS sin side når det gjaldt støy ved overføring av gass fra båt eller vogntog. Fylkesrådmannen svarte på dette i melding nr. 109/13 til samferdselsutvalget.

Med grunnlag i svaret fra fylkesordføreren i fylkestinget, 12.03.2013 og oversendingsforslag fra Gustav Bahus i samferdselsutvalget 05.06.2013, har fylkesadministrasjonen vært i kontakt med både Fjord1 og GASNOR A/S med spørsmål om alternativ miljøvennlig transport av naturgass til tankanlegget på Halhjem.

GASNOR AS er kjent med fylkespolitiske initiativ for å ta i bruk mer miljøvennlige måter å transportere gass til tankanlegget for gassferjene på Halhjem. Slik det fremgår av svaret på oversendingsforslaget, melding til samferdselsutvalget 109/13, arbeider GASNOR AS kontinuerlig med å utvikle og optimalisere distribusjonen av gass fra produksjonsanlegget på Kolsnes.

Fylkesordføreren er innstilt på videre å følge opp spørsmålet om transport av naturgass til tankanlegget på Halhjem, ved å ta initiativ til et møte med GASNOR AS både for å bli orientert om planer for distribusjon av gass til Halhjem og eventuelle støyreduserende tiltak ved påfylling av gass på tankanlegget på Halhjem."

Nils-Olav Nøss hadde sendt inn slikt spørsmål til fylkesordføraren:

"Etablering av hurtigladestasjon i Åsane

I samband med utbygginga av det nye OBS-bygget som no pågår ved Åsane senter, har fylkeskommunen forskottert delar av eit rekkefølgjekrav som går ut på oppgradering av vegnettet i området. Arbeidet med sjølve veganlegget er ikkje starta opp, men vil starta i løpet av 2014.

<http://www.vegvesen.no/Fylkesveg/fv267asanenyborg>

Åsane bydel har per i dag berre ein ladestasjon av denne typen, og den er knytt til Nissan-forhandlaren på Liaflaten. Midt i området som no får lagt om vegnettet, ligg det i dag ein Shell-stasjon (Åsamyrene 167). Det er ønskje om å få etablert ein eller fleire hurtigladestasjonar i Åsane, og dette kunne vore ei god plassering av ein slik stasjon.

Kan fylkeskommunen ta kontakt med Statens vegvesen som er byggherre i dette prosjektet, og forhøyra seg om det er mogeleg å få etablert ein slik stasjon i samband med denne utbygginga? Fylkeskommunen er vegeigar, medan ein sjølvsagt er avhengig av interesse frå den private aktøren som driv bensinstasjonen for å få dette til."

Fylkesordføraren svarte slik:

"Hordaland fylkeskommune har sidan 2010 vore pådrivar og koordinator for utbygging av infrastruktur for elbilar i fylket. Ekstraløyving til infrastruktur for 0-utsleppskøyretøy frå fylkestinget på 5 millionar i 2014 gjer det mogleg å framkunde utbygging av hurtigladning og normalladning. Hordaland fylkeskommune vil følgje opp informasjon og framlegg om hurtigladning i Åsane med sikte på etablering av hurtigladestasjon."

Aud Karin Oen hadde sendt inn slikt spørsmål til fylkesordføraren:

"Viser til oppslag i BT 28.01.14 om stryk på fagprøve. Ved fleire høve har ein diskutert det tredje skuleåret som alternativ til lærepass utan at ein har funne gode løysingar. Kor stort er fråfallet/stryk på dette tilbodet? Kva kan gjerast på kort og lang sikt?"

Fylkesordføraren svarte slik:

"Det at vi har ein situasjon der søkjrarar ikkje får lærepass er ikkje bra. Fagopplæring er basert på eit samarbeid mellom partane i arbeidslivet og det offentlege. Dette samarbeidet er gjort endå tydelegare med den nye samfunnskontrakten frå 2012 med ei forventning til samarbeidspartane om å auke volumet av lærlingar med 20 % innan 2015. Utgangspunkt for målingane er 2011. Hordaland har over tid arbeidd aktivt med oppfølging av samfunnskontrakten. Det er mellom anna brukt av stimuleringsmidlar til å auka aktiviteten innan fag og yrkesopplæringa gjennom t.d. å støtte NHO og LO sin "aksjon lærebodrift".

I Hordaland er det sett i verk tiltak både på kort og lengre sikt. Kjole- og draktsyrfaget har to års opplæring i skule innført i frå 2012. I dette faget er det

ikkje lære plassar. Landbruksmaskinmekanikar; her har det vore Vg3 i 10 år. I bilfaget "lette kjøretøy" starta Hordaland eit prøveprosjekt i 2013 der vi gir 18 mnd. opplæring til dei som ikkje fekk lære plass. Prosjektet går ved Norheimsund vgs og omfattar 14 elevar. I tillegg har vi over ein femårsperiode hatt eit tett og godt samarbeid med Hop kompetansesenter. Her har vi gode resultat. I 2013/14 har vi 21 elevar på Hop, fordelt på faga industrimekanikar, platearbeidar og sveisar.

Når det gjeld konkrete tal, har vi i 2013 følgjande resultat på fagprøve:

Fag	Tal	Bestått	Ikkje bestått	Prøve ikkje avlagt
Industrimekanikar	13	10	1	2
Platearbeidar	2	2		
Sveisefaget	4	3		1
Elektrikarfaget	13	7	3	3
Landbruksmaskinmekanikar	9	8		1
Kjole og drakt	6	2	3	1"

Open time

Sigbjørn Framnes viste til oppslag i media om fulle skulebussar på Stord og born som står igjen på busstoppet. Han nemnde spesielt Langeland skule og Nysæter ungdomsskule, og spurde om kva Skyss kan gjere. Direktør Oddmund Sylta svarte at Skyss vil gjere det dei kan innan dei rammene dei har. Han viste også til den forskriftsfesta dimensjoneringsplikta og problematikk knytt til denne.

Stein Inge Ryssdal har registrert at saker som også er samferdelspolitiske eller opplæringspolitiske berre vert behandla i kultur- og ressursutvalet (KURE) som regionalpolitiske saker. Han bad om at samferdselsutvalet (SAMU) og opplærings- og helseutvalet (OPHE) får hove til å gje fråsegn om slike saker før dei vert behandla i KURE. For å unngå forseinka saksbehandling, bør SAMU og OPHE ha møte *før* KURE. Dette inneber at møtedatoane for dei tre utvala bør endrast, t.d. frå hausten 2014. Fylkesordføraren vil sjå på dette.